

MØTE I FEIOS SOKNERÅD MÅNDAG 30.SEPTEMBER I FEIOS KYRKJE

Desse møtte: Monica Feidje Midlang, Maria Tveit Lunde, Leif Eikeland, Gjertrud Samland, Åse Grindedal, Rasmus Bolstad Rustad

Valde til å skrive under møteprotokollen: Monica og Maria

Sak 10/20 Godkjenning av innkalling og sakliste

Godkjent

Sak 11/20 Godkjenning av møtereferat frå siste møte 20.januar

Godkjent

Sak 12/20 Gudstenesteplan med framlegg til vertar og offer

- 3.oktober: Offer: Kyrkjelydsarbeid i Feios, kyrkjevertar: Monica Feidje Midlang, Leif Eikeland
- 1.november: Offer: Diakonarbeid, kyrkjevert: Astrid Tveit
- 29.nov: Offer: Sygna Vidaregåand, kyrkjevertar: Åse Grindedal, Gjertrud Samland
- 17.desember, skulegudsteneste
- 24.desember: Offer: Kirkens bymisjon, kyrkjevert: Maria Tveit Lunde
- 17.januar: Offer: Trusopplæringa i Vik, kyrkjevert: Monica Feidje Midlang

Sak 13/20 Ungdomsklubben

Det er flott at Britt Inger Eikeland har teke på seg ansvaret for ungdomsklubben. Saman med utsendingar frå Sygna steller ho i stand ungdomsklubb for 4.-10.klasse siste onsdag i kvar månad. Britt Inger disponerer nøklar til skulen. Det er krav om politiattest for å kunne jobbe med ungdom, dette har Britt Inger og Monica har levert inn. For å få opp tal på ungdomar har me sendt ut skriv, hengt opp plakat på skulen og oppmoda alle om å kome. Det er kome innspel frå Vangsnes om at det er ungdomar der som vil vere med. Me sender invitasjon gjennom Vangsnes sokneråd. Ungdomsklubben fekk ikkje tildelt frifondsmidlar for 2019 fordi det var oppført ungdomar over 16 år og då krevst det eit eige styre. Monica har ordna med dette, slik at dette ikkje skjer komande år. Leiar i soknerådet kjøper ei gåve til Britt Inger og overrekkjer den på førstkomande gudsteneste som takk for jobben.

Sak 14/20 Tilskot

Soknerådet har søkt og jobba mykje for å skaffe midlar.

- Riksantikvaren Kr. 300.000 (+40% eigenandel kr.120.000) totalt kr:420.000
- Feios Bygdelag kr.30.000 (til eigenandelen på det me fekk av riksantikvaren)
- Tilskot til verna kulturminne i Vestland 2020. (info tavle og krusifikset)Kr.10.000
- Sture Husabø sitt legat: Avslag.

Sak 15/20 Vedlikehald av kyrkja

Firmaet Stokk og Stein kartlagde status og behov for vedlikehald av kyrkja. Tor Feidje er godt i gang med denne jobben. I sommar bles sinken på tårnet av i ein storm. Eit firma frå Kaupanger har sett opp eit stillas slik at blikkenslagarane kan kome opp for å utføre reparasjonen. Spiret avgjev rust som tærer på sinken. Leif har sandblese stålet. Det kan ikkje galvaniserast, så det skal smørjast med eit stoff som skal halde i 30 år. Vêrhanen er slarken og har 5 kulehol, denne er no rehabilitert og oppatt-lakkert. Tårnet vert skrapa og måla når ein har stillaset på plass. Det er kome eit vernande deksel på alle varmeomnane i kyrkja.

Sak 16/20 Lydanlegg

Lydanlegget i kyrkja er dårleg, ein opplever ofte at lyden i mikrofonanlegget forsvinn. Rasmus Bolstad forhøyrer seg med fagfolk og avtalar ei synfaring for å kartleggje behovet.

Sak 17/20 Uteområdet ovanfor bårhuset

Utbetringa av området er ikkje ferdigstilt. Dette medfører svært dårleg framkomlegheit til bårhuset. Soknerådet ser seg nøydde til å få gjort noko med saka så snart som mogeleg. Leif meislar vekk den gamle betongen, resten av soknerådet tek vekk avfallet, legg på duk og grusar.

Sak 18/20 Ymse

Det har grunna korona ikkje vorte helde soknerådsmøte sidan januar, men me har helde kontakten via epost. Astrid har kjøpt inn nokre reiskapar til kyrkjegarden og ordna med Vipps. Duken på alteret er morken og toler ikkje fleire vask. Den er sydd av lokale folk her i bygda. Det finst ein annan duk som kan brukast. I samråd med Britt Inger vurderer me tiltak. Det skal arbeidast for at det vert laga ein ny duk.

Tujabuskene utanfor kyrkja og bjørkene på nedste kyrkjegarden bør beskjerast. Tujaen tek me i samband med bårhusprosjektet.

Leif tek kontakt med Magerøy frå Riksantikvaren om ho kan kome for å sjå på plassering av krusefikset, rullestolplass og teppet.

Leif informerte om siste nytt frå Fellesrådet. Samarbeidsplanane med Sogndal kommune viser seg å verte svært kostbare, så dette er lagt på is.

Ref.

Gjertrud Samland